

› 3.3 Personal og organisasjon

Personal og organisasjon

Giske kommune sine overordna målsetjingar er sunn kommuneøkonomi, struktur og tenestenivå som er tilpassa økonomiske rammer, godt samarbeid mellom politikk og administrasjon, og engasjerte og kompetente tilsette.

- Politisk og administrativ leiing skal gi klare mål for utvikling av tenestene og legge til rette for enkel og tydeleg rapportering. Mal for verksemdsplan og leiaravtale skal fornyast i 2020.
- Målet om ein sunn kommuneøkonomi inneber ein gjennomgang av og endringar i struktur og tenestenivå. I fyrste del av planperioden er strukturendringar innan oppvekst og helse og omsorg ei prioritert oppgåve. Dette gjeld også avklaring av forventningar til tenestenivået - dette skal i 2020 skje gjennom utarbeiding av tydelege serviceerklæringar.
- Rett organisering av stabsfunksjonen, og rett arbeidsdeling mellom stab og linje har betydning for velfungerande drift og gode tenester. Prosjektet "Omstilling av fellesfunksjonar i Giske kommune" skal avsluttast innan sommaren 2020.
- Tydeleg arbeidsgivarpolitikk har stor betydning for måloppnåing. Arbeidsgivarpolitikken skal gjennomgåast og fornyast i 2020. Dette gjeld også lønspolitisk plan. Tankegodset knytt til 10-faktor er eit viktig grunnlag for dette arbeidet.
- Staben og alle einingar skal i innan 2 år gjennomgå og fornye sine kompetanseplanar
- Kvalitet og internkontroll har stor betydning for økonomi og tenestekvalitet. I løpet av 2020 skal det innan eige budsjett etablerast ei stilling med dette som arbeidsfelt.
- Sunn økonomi og tenestekvalitet avheng av nærvær og flest mogleg tilsette som jobbar heiltid.
 - nærværsprosenten skal vere 94 % (i PAI-statistikken 92%).
 - av alle våre tilsette skal minst 50 % jobbe i full stilling.
- Giske kommune skal ha engasjerte og kompetente leiarar på alle nivå. I planperioden er følgjande tema satsingsområde når det gjeld leiarutvikling:
 - Budsjettarbeid og økonomistyring
 - Endrings og innovasjonsleiing - prosessleiing
 - 10 faktor - mestringsorientert leiing
 - Rekruttering
 - HMS og handtering av personalsaker
- Forenkling og effektiviseringsarbeidet gjennom digitalisering skal halde fram. Fokus skal særleg vere på gevinstrealisering - hente ut effekten av digitale verktøy fullt ut.
- All utviklings- og omstillingsarbeid skal skje med reell medverknad frå dei tilsette og deira representantar. Fokus på partssamarbeidet skal haldast høgt.